



**Notat**

Dato: 07.09.2018  
Arkivsak: 2015/11214-12  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Svar på oversendingsforslag - Trafikksikringstiltak Fv 40 Kvednabekkjen, Opstveit - Matre i Kvinnherad**

I fylkesutvalet sitt møte den 30.08.18 sette **Benthe Bondhus (SP)** på vegner av SP fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

««*Trafikksikringstiltak Fv40- Opstveit, Matre i Kvinnherad kommune.  
Hordaland fylkeskommune viser til dykkar epostar av 25.05.18 og 10.08.18 til fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen, til leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland, og kopi til fylkesutvalsmedlem Benthe Bondhus. De ber om ei utbetring av bru over Kvednabekkjen, på Opstveit i Matre i Kvinnherad, i samband med at Sunnhordland Kraftlag har starta riving av kraftstasjon.  
Tiltaket vil bli vurdert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegar 2019. Investeringsprogrammet og budsjettet for Hordaland fylkeskommune vert lagt fram for fylkestinget i desember.»*

*Ber om at fylkeskommunen (snarlig) om å gå i dialog med Kvinnherad kommune og Sunnhordland Kraftlag for å finna løysingar på denne utfordringa no.»*

#### **Fylkesrådmannen kan gje følgjande svar:**

Hordaland fylkeskommune svarde 16.08.18 på Matre bygdalag sin førespurnad om at tiltaket ville bli vurdert i samband med arbeidet med investeringsprogrammet for 2019-22.

HFK innhenta følgjande vurdering frå **Statens vegvesen** den 14.08.18:

*Vår anbefaling er at konstruksjonen («brua») over Kvednabekkjen ikke prioriteres. Vegen har ÅDT på 300, og er ikke en del av det overordnede fylkesvegnettet. SVV fikk tilsvarende henvendelse fra Kvinnherad kommune i juni. Da ga vi følgende tilbakemelding:*

*«Kvednabekkjen» vert drifta og vedlikehalde gjennom driftskontrakta i Hardanger, då konstruksjonen ikkje er stor nok til å bli klassifisert som bru. SvV/Hfk har dessverre ikkje planar om*

*å utvide konstruksjonen med det første, som fylgje av at vegar med større trafikkmengder må prioritert i første omgang.*

*Det er vanskelig å anslå kostnaden for å utvide vegen over Kvednabekkjen uten å ha gjort ytterligere undersøkelser. Dersom dette er en fiskeelv kan det også påløpe kostnader til miljøtiltak. Erfaringstall fra tilsvarende tiltak er fra 1 mill.kr og oppover.*

Vidare har Hordaland fylkeskommune innhenta informasjon fra **Sunnhordland kraftlag AS** 07.09.18:

*Sunnhordland kraftlag utbetrar vegen fram til bruva over Kvednabekkjen, i samband med riving av kraftstasjon (Blåfalli II). SKL har ikkje behov for å utbetra sjølve bruva.*

*SKL har fått anmodning frå Matre bygdalag om utbetring, evt å bidra i finansiering av utbetring av dette tiltaket. SKL har styrebehandla dette, og styret er positive til utbetring, men seier at SKL ikkje skal ha ei leiande rolle i det vidare arbeid. SKL stiller seg positiv til å vurdera ei forskottering av tiltaket.*

Vidare har Hordaland fylkeskommune drøfta tiltaket med **Kvinnherad kommune**, som svarar den 21.09.18:

*Kvinnherad kommune er positiv til å vurdera bidrag i «spleiseland» for å få til vegutbetringar på fylkesvegnettet. Når det gjeld ev. tiltak ved bru over Kvednabekkjen på fylkesveg 40 i Matre, må vegeigar vurdera behovet for ev. tiltak. Kvinnherad vil vurdera å løyva midlar etter at ev. tiltak, med kostnadsoverslag, er foreslegne.*

Det er vurdert med Kulturavdelinga om eit vegtiltak her vil vera i konflikt med det automatisk freda kulturminnet. **Kulturavdelinga** svarar i epost den 14.09.18 at det er ingen automatisk freda kulturminne nær bruva.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Utbetring av denne bruva kan definerast som eit fornyings- og opprustningstiltak, og som dei fleste tiltak på fylkesveg vil det bidra til trafikksikring.

Ein kjenner ikkje kostnaden for tiltaket per no. Det er svært mange andre behov for store og små tiltak på fylkesvegane. Fylkesrådmannen minner om at det samla forfallet på fylkesvegnettet i Hordaland vart rekna til 7,3 milliarder kroner i 2016. Av dette utgjorde forfall på bruer vel 1,7 milliardar kr.

For å oppnå likebehandling og ei overordna prioritering, meiner fylkesrådmannen at tiltaket må vurderast i samband med rullering av investeringsprogrammet.